

RV RAUD VALALLIANSE i Sogn og Fjordane

Valavis ved kommune- og fylkestingsvalet 1983

Fylkestingsvalet:

- Det trengs ein ReV i høsegarden!

Fylkestinget blir valt av folk i Sogn og Fjordane for å ivareta fylket sine interesser. Fylkesrådmannen er tilsett av fylket og burde ha same mål med sin jobb.

Men når Kommunaldepartementet no køyrer ei beinhard sparekampanje overfor fylket, er det einaste som skjer at fylkesutvalet set seg ned og drøftar nedskjeringstiltak. Fleire «spare-møte» står på programmet utover sommaren. I staden for å reagere med å forsvara dei få tilboda dette fylket etter kvart har fått oppbygt, og oppmoda folk om å stå bak seg *mot* departementet, set fylket sine fremste folk seg ned og drøftar kor øksa skal falla! 20 millionar har fylkesutvalet gått med på å skjera ned.

Men sjølv sagt skal ingenting konkret leggjast fram før fylkestingsvalet er vel i hamn!

Og fylkesmannen uttaler — på spørsmål om han ventar protestar på fylket sitt komande sparebudsjett: «Protestar vil det nok kome. Men eg er snart blitt immun mot slike protestar.» («Firda» 14. juli.)

Er det noko rart at det går nedover med Sogn og Fjordane?

Kvar er opposisjonen mot denne politikken? Kvar er den «sosiale profilen» når dette vil gå ut over sjukeheimsutbygginga, psykiatrien, sjukehusa, skuletilboda og vegutløyning? Kva nyttar det med fine sektorplanar når dei i neste augneblink blir offer for sparepolitikk?

Når skal fylkestinget forstå at husmannstida er forbi også i Sogn og Fjordane? Det nyttar ikkje lenger å stå med lua i handa!

Fylkespolitikarane og -administrasjonen må slutta å oppføra seg som knehøner overfor departementet!

Det er på tide det kjem ein ReV i høsegarden!




ÅGE EITUNGJERDE er 29 år og opprinnelig frå Balestrand. Han har bak seg ein periode som lastebilsjåfør, har jobba eitt år ved ÅSV i Høyanger og vore slaktar ved slakteriet i Førde i tre år. Etter fullført sjukepleiarutdanning har han no jobb som sjukepleielærer med helsepolitikk som spesialfelt. Dei siste åra har han vore fylkesleiar for RV og talsmann for AKP i fylket. I fritida går det på piano-blues og felespel. Han er dessutan gift og skal det komande året vera åleine-pappa til 3-årige Gard.



RV I SOGN OG FJORDANE

1. Sjukepleiar Åge Eitungjerde, Førde
2. Laborant Berit Hatteberg, Florø
3. Fiskeindustriarb. Geir Oldeide, Måløy
4. Sjukepleiarstudent Petrin Eide, Førde
5. Industriarbeidar Einar Rysjedal, Høyanger
6. Kunstnar Elisabeth Haarr, Askvoll
7. Industriarbeidar Olve Steinset, Kjelkenes
8. Gymnasiast Jorunn Storehaug, Askvoll
9. Industriarbeidar Tom Farsund, Førde
10. Bonde Jørgen Skåre, Hjelledalen
11. Trykkerarbeidar Siv Enerstvedt, Årdalstangen
12. Lærer Solveig Berstad Sande, Balestrand
13. Lektor Asbjørn Geithus, Sandane
14. Gymnasiast Oddveig Lyngstad, Vassenden
15. Kommuneingeniør Asbjørn Engen, Aurland
16. Sjukepleiarstudent Venke Åretun, Lærdal
17. Bonde Oskar Tenden, Hjelledalen
18. Psykolog Rita Østensen, Førde
19. Kulturarbeidar Fritjof Urdal, Florø
20. Industriarbeidar Borghild Guddal, Førde
21. Lærer Atle Myhre, Askvoll
22. Arbeidslaus Kristin Blaaid, Raudeberg
23. Industriarbeidar Tormod Flatebø, Førde
24. Bibliotekar Kristin Ese, Balestrand
25. Anleggsarbeidar Jon Storehaug, Skilbrei
26. Kontorassistent Siv Kvernevik, Florø
27. Bonde Anders Braanaas, Førde
28. Lærer Bjørg Ladehaug, Oppstryn
29. Lektor Erik Halvorsen, Sogndal
30. Skipsrørleggar Kjartan Hatløy, Hyllestad
31. Gymnasiast Berit Karin Løland, Hyllestad
32. Arbeidslaus Kolbjørn Taklo, Nordfjordeid
33. Gymnasiast Brynhild Løken, Florø
34. Industriarbeidar Jan Arve Læg Reid, Årdalstangen
35. Arbeidslaus Kjersti Kjelkenes Steinset, Kjelkenes
36. Bonde Rein Arne Golf, Lærdal
37. Sosialsjef Marianne Åm, Balestrand
38. Industriarbeidar Per Fimland, Førde
39. Adjunkt Kirsti Solheim, Naustdal
40. Snikkar Jan Myklebust, Førde
41. Husmor Ingrid Eide, Sandane



DUELL MELLOM ORDFØRAR OG RV'AR I FØRDE

Kor mykje makt har eit kommunestyre? Kan det gjere meir mot arbeidsløysa enn det gjer i dag? Kva med skattestreik? Har staten pengar som kommunane trenger?

Vi arrangerte ein duell mellom 1.mann for RV i Førde, Tom Farsund, og avtroppande ordførar Lars Gunnar Lie, frå Kristelig Folkeparti.

— Eg trur dei sentrale styresmaktene forstår alvoret i sysselsettingssituasjonen, sa Lars Gunnar Lie.

— Vi går nye tider i møte som krev heilt andre verkemidler, sa Tom Farsund.

SJÅ SIDE 4



LOKALSJUKEHUSA I FARE!

Berit Hatteberg, RV sin førstekandidat i Florø, kommenterer helse- og sosialpolitikken i fylket på siste side.

Vi er framleis 'rabulistar' – men vi har lært

AV ÅGE EITUNGJERDE

For 14 år sidan dukka det opp eit nytt og spesielt fenomen i norsk politikk: SUF(m-l), resultatet av eit dunderande oppgjør på landsmøtet i Sosialistisk Folkeparti.

Ikkje utan grunn vart denne organisasjonen eit vanda åtaksmål for heile den etablerte norske pressa.

I 1973 vart Arbeidaranes Kommunistparti skipta. Raud Valallianse — som AKP driv sitt samarbeid gjennom — stilte til val for første gong same året. «Gaukingen» i norsk parti-lora var eit faktum.

Dette var starten på historia vår — ei historie vi for det meste er stolte av. Vi har den einaste kommunistiske dagsavisa i Europa, og vi er eit parti på frammarsj, medan våre søsterorganisasjonar i mange land er splitta og desillusjonerte.

Men vi har også lært. Vi har skjont ein del ting betre i dag enn den gongen, t.d. kva som framleis er ei vanleg oppfatning av oss:

«Promillepartiet med voldsromantikarane og ekstremistane»

Kanskje er du ein av dei mange som tenkjer slik: «Eg kan vera einig med RV i mange saker — ja, kanskje dei fleste — og dei gjer ein god jobb på mange område. Men kva vil skje dersom dei får makta? Bli det ikkje nett det same som det de kallar kapitalismen — sjå berre på Sovjet! Kommunismen er eit autoritært system, og då takkar eg meg til det tross dei demokratiske Noreg, sjølv

om kapitalismen eigentleg er urettferdig på botn.»

Ja, vi er for revolusjon. Men kva vil det sei? (Ikkje bli irritert, men les vidare!) I mange år framover vil truleg gamle Noreg framleis vera eit roleg og forholdsvis stabilt samfunn. Men slik vi ser på samfunnet økonomisk, meiner vi at *denne tilstanden ikkje vil vara*. Det såkalla «velstands-samfunnet» har då tross alt berre funnest i godt 20 år, og no er det alt på veg nedoverbakke. Eit «norsk Polen» kan koma før vi ynskjer å tru det. Når køene framfor arbeidskontora blir forlenga av matvarekøar, når open sosial naud blir ein del av kvar-dagen, når folk ikkje har råd til det mest nødvendige for å fungera, ja, kva då? Og kva når regjeringa ikkje lenger er i stand til å finna «midlertidige løysingar» eingong? Kan dette skje? Vi meiner det kan skje, og du kan vera ueinig i det. Men *viss* det skjer, og *viss* denne situasjonen fører til liknande opprør mot heile systemet som i Polen, er det berre rett og rimeleg at *folkefleirtalet må bestemmas*. Så langt er det vel greit?

Men eit nytt system, der kapitalkreftene er utan makt, trur ikkje vi er råd å velja seg til. Vi kunne sjølvsagt ynskja at «maktens menn» i ein slik situasjon tok sin hatt og frakk og gjekk, men gode ynskje hjelper så lite mot den brutale røyndomen.

For 10 år sidan var det eit folk som måtte læra denne lekasa sjølv: Chile med Allende i spissen gjorde eit forsøk på å innføre sosialismen gjennom val, men heile eksperimentet enda med ein blodig massakre på Santiago-stadion. Folket sto forsvarslause mot hæren og militsiaen. Difor seier vi: Ver budd på forsvar! Er det voldsromantikk?

«Vi er grisen — og det er snart jul...»

Vi snakkar om sosialisme — at den private eigeomsretten må avskaffast og erstattast med offentleg eigeom av *ein ny type stat*.

Dette tyder ikkje at staten vil kverretja underbuksa di. Det

finst andre eigneletar som skjuler viktigare saker enn den: I eit kapitalistisk samfunn er det ei ørlita gruppe som sit med eige- eller disposisjonsretten til det vesentlege av kapital og produksjonsutstyr. I denne gruppa — som vi kallar kapitalistar — må kvar einskild konkurrera beinhardt for å overleva økonomisk. Slik også med staten sine bedrifter. Systemet bestemmer spelereglene:

All investering må skje der det er maksimalt å henta. Dermed blir det uråd å planleggja produksjonen ut frå samfunnsmedlemene sine behov, det blir anarki. Det er den «frie konkurransen» til denne vesle gruppa av bedriftseigarar og aksjespekularantar som betemmer *kor* det blir investert og *kva* som blir produsert. No for tida er det olje og høgteknologi som er mest profitabelt. Difor: Skjer ned på sjukehussenger og elevplassar! Det gjev då ingen ting att likevel. All industri som ikkje er profitabel nok — bort med han! Arbeidsløyse? Gjer ingen ting! Det er kapitalens jernlov som rår!

Med den stadig djupare økonomiske krisa og den internasjonalt spente situasjonen, er ikkje spørsmålet om eit alternativt samfunn som å velja frå ei smørbrødsliste. Snarare vil vi sei at *viss* det norske folket er grisen, så er vi i ein situasjon der det snart er jul...

Konturane av det nye

Kva vil vi så?

For det første: Vi har eit forslag til korleis eit nytt samfunn

må organiserast — eit forslag som byggjer på den konklusjonen at kapitalismen *som system* ikkje kan brukast. Viss du er samd i dette utgangspunktet, så bli med å diskutera!

Vi har skjont at ein norsk sosialisme må byggja på våre historiske tradisjonar, vår kultur og våre økonomiske vilkår. Den unge Sovjet-staten, som ein gong var sosialistisk og Folkerepublikken Kina har difor berre avgrensa lærdomar å gje oss. Difor seier vi slik:


Vi vil ha eit samfunn der staten for første gong i historia blir eit reidskap for folkefleirtalet. Til no har alltid statsmakta vore eit reidskap for eit lite mindretal av undertrykkarar.

Sosialismen må:

- halda fast ved hemmelege, frie val og dei demokratiske rettane vi har i dag, som full tale-, trykke- og yringsfridom,
- sikra frie fagforeiningar og streikeretten,
- sikra retten til politisk organisering og skiping av andre parti,
- sikra personleg og individuelt rettsvern.

Vi går mot at kommunistpartiet skal ha noko formell særstilling, slik tradisjonen har vore i andre land. *Oppslutning og tillit kan berre vannast gjennom i praksis å syne at ein duger og står på folk si side.*

Sosialismen vil kunna gje samfunnet totalt eit mykje større overskott enn dagens system, fordi samfunnet tek seg av ein langt større del av det som i dag utførest privat. Radikalt auka yrkesdeltaking av kvinnene vil



Blir du med på å forma ei sosialistisk framtid? spør Åge Eitungjerde i denne kronikken.

difor vera mogeleg. Den arbeidsløysa som i dag er eit resultat av kapitalkreftane sitt frie spel, vil ikkje lenger vera til stades. Det vil vera bruk for alle fordi det er våre felles behov som skal stettast.

Samstundes vil stadig nyare teknologi gjera det mogeleg å fjerna ein del av det mest einsformige og skadelege arbeidet og redusera den totale arbeidstida for kvart samfunnsmedlem. Samfunnsengasjement og personleg utvikling vil difor bli mogeleg i langt større grad enn no. Skiljet mellom «håndens og åndens arbeid» vil kunna bli redusert.

Sosialismen vil i langt mindre grad vera avhengig av at produksjon og kunnskap samlar seg i dei store byane. Både fordi det totale overskottet er så mykje større og fordi ny teknologi alt i dag gjer ei kraftig desentralisering mogeleg. Slik vil t.d. fylke som Sogn og Fjordane kunna få heilt andre vilkår enn i dag.

Men sosialismen vil ikkje vera *problemfri*. Sjølv om den totale produksjonsverdien vil auka kraftig, vil også eit sosialistisk samfunn ha sine økonomiske grenser. Alt vil kosta, og det må heile tida takast val mellom kva

som skal koma først og sist.

Oppbygginga av eit sosialistisk samfunn vil også vera vanskeleg fordi det aldri før i historia har funnest eit høgt utvikla samfunn av denne typen. Nettopp difor er det viktig at ein så kraftig majoritet som råd er, verkeleg har, og opplever at dei har, innverknad, at det nye gjev fordelar som var uråd før, at det er eit samfunn med verkeleg demokrati.

«Utopien»

Vi har som *endeleg* mål eit samfunn der det ikkje finst klassar, der all kvinneundertrykking, undertrykking av barn, ungdom og eldre og undertrykking av alle typar funksjonshemma er borte. Eit samfunn der mennesket er fritt frå alle irrasjonelle fordommar, all undertrykkende moral og kan leva eit sosialt liv bygt på utviklinga av sine egne evner og forutsetningar; får arbeida, søkja kunnskap og utfalda seg. Eit samfunn der alle får del i det beste menneska har børe fram. Eit samfunn der ressursane blir disponerte ut frå eit ansvar for framtida.

Utopi? Kanskje, dersom menneskeætta har ei kort framtid igjen. Men vi meiner det er mogeleg, og vi meiner mennesket kjem til å strekkja seg så høgt — på same måten som blomane alltid vil strekkja seg etter lys og sol.

Har ikkje samfunnet vårt utvikla seg frå treplog, barbari og blodhemn på ein kort historisk periode? At det framleis er mange former for barbari igjen, javel. Men det er nettopp fordi det framleis er ein pengegrisk maktelite som rår. Det er ikkje du og eg som ynskjer eller set i gong krigar mot uskuldige fattigfolk i den 3. verda. Det er ikkje du og eg som utviklar djevelske ABC-våpen. Krig og undertrykking er eit resultat av dei sterke overnasjonale kapitalkreftene si jakt på råvarer og fortene. Fred er difor berre mogeleg når kapitalismen som system er avskaffa på verdsplan og erstatta av sosialismen.

Store urealistiske vyer? Mulingens. Men det var sikkert ikkje så mange i vikingtida heller som kunne førestilla seg ei grunnleggjande anna samfunnsordning. Det som var, kjem aldri att, og det som er, vil aldri vara. Slik er utviklinga.

Blir du med på å forma ho?



Systemet bestemmer spelereglene: All industri som ikkje er profitabel nok — bort med han! Her frå lukeproduksjon ved Ankerløyken Verft Førde. (Foto: Klassekampen)

KLASSEKAMPEN

Boks 83 Bryn, Oslo 6

Namn:

Adresse:

Postnr./-stad: Tlf.

Eg ynskjer å abonnere på dagsavisa Klassekampen:

1 år	<input type="checkbox"/>	Pris kr. 810,-
½ år	<input type="checkbox"/>	kr. 410,-
1 kvartal	<input type="checkbox"/>	kr. 210,-
1 måned	<input type="checkbox"/>	kr. 90,-

Eg ynskjer å abonnere på Klassekampens laurdagsutgåve:

1 år	<input type="checkbox"/>	Pris kr. 196,-
½ år	<input type="checkbox"/>	kr. 98,-

RV I VÅGSØY

1- 2. Geir Oldeide, Holvik
3- 4. Kristin Błaalid, Raudeberg
5- 6. Marit Nord, Raudeberg
7- 8. Kjell Oldeide, Raudeberg
9-10. Merete Moe, Holvik
11-12. Audur Rafnsdottir, Holvik
13-14. Lin Holvik, Holvik
15-16. Johnny Johansen, Vågsvåg

17-18. Torill Hansen, Deknepollen
19-20. Torgunn Oldeide, Holvik

Dette er dei ti første navna på vallaista i Vågsvåg. Men, på topp altså: Geir Oldeide, fryseriarbeidarane som spelar på meir enn ein streng. Fagleg tillitsvalt og kommunist på sin hals midt i tjukkaste Høgre-kommunen. AKP'aren som vart arbeidarane sin talsmann under den tøffaste streiken i fylket på årevis.

UNGDOMS-
KOMMENTAR

Stem tøft! - Stem RV!

Val igjen! Atter ein gong skal det norske folk bli propa med fagre løfte om evig troskap, grønne skogar, gull og arbeidsplassar. Og sidan ungdom er ei attraktiv veljargruppe, kjem vi til å få mangt eit frieri. Skuleplassar, fritidsklubbar, arbeid, etableringslån osv. vil bli lova med generøs hand. Som vanleg vil partia overgå kvarandre med fint prat, og etter beste evne bortforklære tabber som:

- Det å gå imot løyvingar til fritidsklubbar.
- La vere å blande seg inn i nedleggjing av arbeidsplassar.

- Nedskjeringer i skulesektoren.

- Osb.

Løfta blir gitt, og 13. september er alt gløymt. Ein skulle tru at det var fullt lovleg for politikarar å lyge så det renn, og at det er akseptabelt å kome dil-

tande og dessverre måtte seie seg lei for at dei fagre løfta ikkje var meir enn ord og ikkje kan gjennomførast. Ingen må gløyme Høgre sitt løfte om ein betre skule under valet i 1981, og det vanvittig sparsommelege skulebudsjettet som blei lagt fram i 1982. Eller Kr.F. si framstilling av deira syn på Tysedal-saka, og sviket dei gjennomførte seinare.

Det er på tide at nokon stiller partia til veggs i kommunestyre og fylkesting, og får dei til å stå ved løfta sine. RV vil ha ein slik funksjon.

Kald skulder

Det har etterkvart blitt hardt å vere ungdom. Vi kan ikkje lengre prøve oss på mange skular, det er for dyrt. Vi må tvert om ta sikte på ein skule, og satse alt der. Dersom vi då kjem inn. 400 står ut-

an skuleplassar i Sogn og Fjordane pr. 1/8-83. Og då har dei stappa skulane fulle! Kva som skal skje med desse 400 er det ingen som vil ta ansvar for. Venteleg kan samtlige plussast på arbeidsløysestatistikken. Og på den statistikken står det mange frå før, ca. 13 prosent av dei arbeidslause er mellom 16 og 19 år. Kor mange av desse igjen som har rett på arbeidsløysetrygd, veit eg ikkje. Men det er fleire enn ein som anten må leve på foreldra eller robbe bankar for å overleve. Eg forstår godt at det er mange som bukkar under. Med dei magre vilkåra og den kalde skulderen som bli vist mange unge, skal det mykje til for å stå oppreist. Ingen kan vente at arbeidslaus, fattig og rastlaus ungdom skal vokse opp som solstråler og bukke i støvet for dette samfunnet.



PETRIN EIDE, 22 år. RV sin fjerde-kandidat i fylkestingsvalet. Sjukepleiarstudent. Tidlegare har ho vore elevrådsforkvinne på Hop ungdomsskule og på Sunnhordland folkehøgskule, og leiarsjef for gymnasutvalet i Sogn og Fjordane. Har òg vore med i landsstyret i Norges Gymnasiastsamband. Talskvinne for Raud Ungdom sidan 1980.

Du må kjempe sjølv!

RV krev at ungdom blir tekne på alvor. At vi skal ha rett til arbeid, skuleplass og fritidsaktivitetar. At vi skal få arbeidsløysetrygd når vi

er arbeidslause — det skal ikkje stillast vilkår. Og at skulevesenet skal gjerast betre, ikkje verre, enn det er i dag.

Det er utruleg mykje som

er skeivt i dette samfunnet og for de som ikkje har oppdaga det før . . . Det er berre du sjølv som kan rette på det. Vennlege Arbeiderpartipolitikarar skaffar deg ikkje jobb. Høgre skaffar deg ikkje skuleplass. Kr.F ordnar ikkje eit billeg lån Venstre kan ikkje hindre utbygging av Gaular-vassdraget. RV kan ikkje trylle fram idyll.

I desse krisetider kor vi opplever harde angrep på ungdom, er det utruleg viktig at vi som er unge ta skeia i ei anna hand og vaknar opp! At vi stiller krav om arbeid der vi bur, fritidstilbod, stoff-frie miljø, natur og miljøvern, jamstilling mellom kjønna, og alt anna som kjem oss ved, i stader for å sitje apatisk i ein stol og bli robba for alle rettar og goder vi har.

RV kan ikkje kjempe kampen for ungdom, det må vere gjere sjølv. Men RV kan kome til å vere det partiet som tek opp ungdomskrav i kommunestyre og fylkesting, og som kjemper for desse krava oppover i dei høgre rekkjene.

Petrin H. Eide

- BERG BREHEIMEN!

Først og fremst: Breheimen må kome med i samla plan. Og Gaula-vassdraget må bli verande der. Ein samla plan skal vere ein samla plan. Vasskraftressursane våre tek ein gong slutt, og det er viktig å sjå all planlagt kraftutbygging under eitt.

AV BJØRG LADEHAUG

NVE sine planar i Breheimen er vel etterkvart kjende for dei fleste. Det er sterkt verneverdige område som er planlagt utbyggt i kommunane Stryn og Luster. Utbygginga inneber regulering av i alt 10 vatn og 70 elvar og bekkar innan eit 112 km² stort nedbørfelt. 16 mil tunnelar blir gravd ut, 8500 lekar neddemt og 5 millionar m³ steinmasse blir liggjande ut. Utbyggingskostnadene 1981-kroner) er på 7777 millionar kroner. (1944 kr. pr. innbyggjar i Noreg).

Årsproduksjonen vil bli ca. 1000 000 000 kWh (ca. 1 stk. 10 W lyspære pr. innbyggjar i løg i eit år).

Eg skal ikkje gå i detaljar om lanane, men vil seie litt om dei høge fallet i Stryn. Det fører med seg ei rekkje ulemper som ber det heilt uegna til utbygging:

1. Dårleg økonomi. NVE har

ikkje offentliggjort kostnadsoverslag for lågfallet separat, men mykje tyder på at denne delen har ein rentabilitet som ligg langt under den grensa NVE må halde seg til.

2. Store naturinngrep. Det er eit takrenneprosjekt med store masseuttak, anleggsvegar og kraftliner i no urøyrdede område.

3. Dammen i Sogneskarat eit fåremoment — fører til auka flomfåre.

4. Sterk lokal motstand. I Oppstryn er det sterk motstand mot denne del av utbygginga. Ved ein underskriftsaksjon har over 80 prosent av dei vaksne i Hjelledalen og Erdalen gått mot full utbygging.

Stryn kommunestyre har vedteke med 24 mot 13 røyster å gå inn for full utbygging dersom krava dei har stilt til NVE blir innfridde. NVE har avvist dei fleste krava, så då er det opp til Stryn kommunestyre å vise at dei står på krava. I Jostedal er det eit knapt fleirtal

i Luster kommunestyre gått inn for alternativ D, utan neddemming av Fåbergstølen. Dei viser til ulemper ved tidlegare utbyggingar og meiner ein må gå varsamt fram med vidare utbygging. Bygdefolket godtek ikkje neddemming av Fåbergstølen.

Mindretallet i Stryn kommunestyre har etterlyst utgreiing av berre det høge fallet, men ei slik utgreiing finst ikkje ifølgje NVE. Så viser det seg at ein slik rapport har eksistert i over 10 år. . . Ein kan òg kritisere NVE for å ha dobbeltmoral på eit par punkt. F.eks. i Jostedal argumenterar dei med flaumdemming, medan i Sunndalen (Stryn) nektar dei å bygge eit sluk som nettopp skal verka flaumdemmande. Vidare påpeikar dei at beitedalane lett kan dyrkast dersom dei får veg. Til Fåbergstølen er det veg, og der skal heile dalen demmast ned, ikkje mykje snakk om dyrking der, nei.

Nokre gode grunnar til å gå imot utbygging av Breheimen:

Jordbruket blir skadelidande. Ei så omfattande kraftutbygging vil gripe så sterkt inn i næringsgrunnlaget at det blir vanskeleg å oppretthalde busetnaden etterpå. I beitedalane vil anleggsverksemd skape uro og kunstig oppdeling. Etter utbygginga vil beiteområde bli tørrare og dei naturlege gjerda som elvane utgjer vil vere borte. Anleggsvegar fører med seg auka trafikk og det er ein ulempe for beitende dyr. Redusert grunnvasstand i jordbruksområde kan føre til tørkeproblem.

Sosiale verknader. Stikkord: Stor auke i folketalet over ei kort periode. Organisasjonslivet, kulturelle skikkar og tradisjonar. Utflytting eller pendling etter anleggstida. Strukturen i jordbruksnæringsna vert endra. Dette er ting som det er vanskeleg å spå om, men ser ein på andre utbyggingsområde, er det liten grunn til optimisme.

Naturen vert ikkje som før. Breheimen er eit einestående friluftsområde. 20 turistruter vil bli direkte råka, fleire andre indirekte. Hovudinnfartsområdet til Jostedalsbreen vil bli ødelagt (Fåbergstølen og Styggevassområdet). Anleggsvegar, steintippar, tørrlagde elvar og kraftliner vil skjemma.


Redusert fiske i elvane. Senka temperatur i vantet — går ut over fruktdyrking.

Tap for turismen.

Den viktigaste grunnen til å drive med kraftutbygging er at ein treng kraft. Men no viser det seg at vi har meir enn nok el-kraft. Energiforbruket i Noreg har gått jamnt nedover sidan 1979. Statistisk Sentralbyrå har rekna ut at energiforbruket vil vere 3 TWh lågare enn det regjeringa har sett opp for 1990. Nedgongen gjeld både alminneleg forsyning og kraftkrevjande industri. Statistisk Sentralbyrå meiner ein må sjå totalbildet for energi, altså etterspurnaden etter annan brensel enn el-kraft. Noko som skulle tyde på at vi har rikeleg el-kraft er den store krafteksporten til Sverige og Danmark. Til no i år har Noreg eksportert 10,7 milliarder kWh, altså over det tredoble av det Breheimen vil gje. Denne krafta blir seld til under 1 øre pr. kWh.

Så er det nokre som seier at det må vere rett å dele med andre, ofre litt for storsamfunnet (dvs. andre land som er om lag like rike som Noreg)? Har vi lov å bruke ressursane for å tilfredsstille det alltid krevjande storsamfunnet?

Energiøkonomisering eller ENØK er eit viktig stikkord i denne samanheng. Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Forskningsråd (NTNF) har kome fram til at ENØK bør sjåast som ei sjølstendig energikjelde. Held vi oss til energiøkonomisering av vasskraft, tyder mykje på at 30 prosent av el-forbruket kan sparast til



— NVE vil regulera 10 vatn og 70 elvar og bekkar i Luster og Stryn. Vi må gå mot all kraftutbygging av Breheimen, seier Bjørg Ladehaug, RV sin andrekandidat i Stryn, i dette innlegget. Her «Fossen» i Vetledalen.

ein kostnad som er lågare enn det kostar å bygge ut tilsvarande ny kraft.

Ifølgje energimeldinga vil vi ved år 2000 trenge 125 TWh/år. Pr. 1.1.81 var det utbygd 89,5 TWh, medan 12,5 TWh var under utbygging. Om kort tid vil vi altså ha 102 TWh til disposisjon. Dersom vi då

kan spare inn 30 prosent av dette, vil vi ha 132 TWh i år 2000 og det er eit høgere tal enn energimeldinga sitt. Dette skulle gje ein peikepinn på kva ressursar vi kan utnytte ved energiøkonomisering.

På bakgrunn av dette går RV imot all kraftutbygging av Breheimen.

RV I BREMANGER

laud Valallianse stiller liste for første gong i Bremanger og Olve Steinset toppar lista. Han er sekretær i klubben ved Bremanger Smelteverk, der han ikkje så lett let seg vippe av pinnen i diskusjonane om korleis smelteverksarbeidarane bør føra kampen mot Elkem-konsernet.

- 1-2. Olve Steinset, Kjelkenes
- 3-4. Lars Olav Rylandsholm, Svelgen
- 5-6. Kjersti Kjelkenes Steinset, Kjelkenes
- 7-8. Kato Løvseth, Svelgen
- 9-10. Håkon Rylandsholm, Svelgen
- 1-12. Marianne Hinsch, Kalvåg
- 3-14. Monrad Elde, Svelgen

RV utfordra ordføreren:

- Kor går FØRDE?

- Eg trur på sakleg argumentasjon overfor dei sentrale tyresmaktene. Sjølv om det ikkje har gitt nokre konkrete resultat til no, meiner eg dei forstår alvoret i syssel- etjingssituasjonen i Sunnfjord. Eg er ikkje tilhengar av makt-demonstrasjonar. Det er urealistisk å tenkja seg ein aampsituasjon mellom kommunar og storsamfunn, seier vtroppande ordførar i Førde, Lars Gunnar Lie.

- Sjølv sagt er eg for sakleg argumentasjon, svarar Tom arsunnd, Raud Valallianse sin førstekandidat i Førde. - Men vi skiljer lag i våre analyser av dei sentrale sty- esmaktene. Eg trur dei fører ein medveten politikk, med øg arbeidsløse som pris. Vi må slåss for den industrien i har, og kommunen må om naudsynt nytta skattestreik om middel.

ik opna duellen vi hadde sipa til mellom desse to l- apolitikarane i Førde. Lars unnar Lie har vore ordførar Førde dei 2 siste åra, og er edlem av Kristelig Folke- parti. Tom Farsund har brei faring frå fagrørsla, og har åp om å bli valt inn i kom- munestyret for Raud Valalli- nse.

- Men kor stor er eigent- g usemja. Gjekkk de ikkje aman om aksjonen 10. mai år, då Førde og Florø stod stille i ein time?

ARSUND: - Jo, det er ett. Kommunestyret støtta 0. mai-aksjonen, og ord- føreren har m.a. vore aktivt med i delegasjonar til Oslo. Dette er vi nøgde med. Lars unnar Lie er langt frå den første ordføreren Førde kunne ha hatt. . .

LIE: - Takk for det. ARSUND: - Men eg sakar vilje til å løpe lina fullt t. Som lågaste kampform urderar eg at han melder eg ut av sitt eige parti. Vi- are kan kommunen la vera sende vidare til staten den katten innbyggjarane betar inn, inntil staten sikrer arbeids-plassane her.

LIE: - Eg gjorde ei realpoli- sk vurdering rundt regje- ngsskiftet. Eg kunne meldt meg 10 gonger ut av mitt eie parti og stått på hovudet, tan at det hadde hatt no- on effekt. Det var ikkje aku- elt å fella den ferske tre- arti-regjeringa. Eg bøygde meg, om ikkje med godvilje.

- Men både i Sulis- og yssedal-saka gjekk jo mot- etjingane tvers igjennom n.a. Kr.F. Må de alltid bøya lykk lokalt?

LIE: - Det er klare motset-ingar i Kr.F. i desse sake- ne, det er heilt rett. Men lette er eit vitnesbyrd om at lemokratiet fungerer.

ARSUND: - Muligens er lette demokrati, men eg



- Vi går nye tider i møte som krev heilt andre verkemidler, seier RV'aren Tom Farsund.

hallar meir til at dette er dobbeltmoral sett i system: Dei sentrale politikarane durar på, medan dei lokale må slåst om oppslutning.

LIE: - Rikspolitikarane må sjå på totalsamfunnet. Nokre gonger tyder det at lokal- samfunn må tola omstilling. FARSUND: - Vi er ikkje mot omstilling, men på Ankerløkken har vi ikkje fått noko alternativ. Vi står i ein kampsituasjon mot arbeids- løyse, vi må slåst for det vi har.

Samtalen dreier over på Førde kommune sin eigen økonomi. Fylkesmannen har ennå ikkje godkjent 1983-budsjettet.

- Kva gjer Førde kom- mune med det?

LIE: - Vi har sett ned ein komité i kommunen, og han skal finna fram til stader der det kan sparast inn.

FARSUND: - Det må vel vera eit moralsk og politisk dilemma, når vi ser dei ver- diane det norske samfunnet sit inne med. . .

LIE: - Då er vi over på riks- politikken igjen.

FARSUND: - Eg meiner vi som innbyggjarar har eit ansvar for å ta stilling til kor desse verdiane tar vegen. Når vi på den eine sida ser at dette rammer kommune- økonomien, t.d. helse- og sosialsektoren, og på den andre sida ser på dei midla- ne og mulighetene som opplagt finst, då må vi seie at 50- og 60-åra er slutt. Vi går nye tider i møte som krev heilt andre verkemid- ler.

- Kva med framlegget til nytt inntektssystem for kommunane? Er det betre at kvar sektor i kommunen får tildelt ein sum, enn at staten gjev tilskot til einskild-tiltak som i dag?

LIE: - Det er med blanda kjensler vi har sagt ja til det nye systemet. Det kan slå skeivt ut. På den andre sida gjev det kvar kommune større høve til å ta avgjerder sjølve.



Dei to duellantane på formannskapskontoret i Førde. Bak dei heng galleriet over tidlegare Førde-ordførarar.

FARSUND:

- Sektorløyvingar vil berre skyve ansvaret for nedskje- ringane over på kommune- politikarane. Som einaste parti seier RV nei til dette systemet. Ein kan seie at det gjev kommunane meir og meir å seie over mindre og mindre.

LIE: - Eg er samd i at vi må få tildelt økonomiske midler til å utføra dei oppgåvene vi vert pålagde frå sentralt hald. Vi har for tronge ram- mer no.

- Kvifor løyver Førde kommune då fleire hundre tusen kroner til kyrkja, når pengane kjem til kort elles?

LIE: - Det har i kvart fall ikkje noko med at ordfø- reren er medlem av Kristelig Folkeparti. Vi er pålagde ved lov å løyve til kyrkje- føremål, t.d. gravplassar. FARSUND: - Men det finst òg lover som stiller krav til skulevesen, helsestell osv. Men det går det tydeligvis an å skjera ned på. Statskyr- kja har eit fiktivt medlems- tal. Dei aktive medlemmane i kyrkja må sjølve bera drif- ta. Stat og kyrkje må skilja lag.

LIE: - Vi er kanskje ikkje så usamde her. Det er mange i mitt parti som vil ha eit slikt skilje.

- Vil RV føre demonstra- sjonspolitikk i kommunesty- ret? Vil det verte mange for- slag som berre får RV si stemme?

FARSUND: - Det vil nok skje. Vi vil fremme forslag som ikkje kan gjennom- førast med dei råmene som gjeld no. Men sidan vi meiner at Noreg er rikare på res- surser enn nokon gong før, vil vi stå på forslaga våre. Vi meiner ressursar kan til- førast kommunen slik at for- slaga våre kan gjennom- førast. Men RV vil òg arbeide for å få fleirtal for saker vi fremmer. T. d. i Troms fylkesting er RV det partiet som har fått flest forslag igjennom! Det ser eg som eit godt førebilde.

LIE: - Eg ser positivt på sakleg meningsutveksling. Dei små partia, som ikkje er med på å handsame sakene i formannskapet, kan friske opp kommunestyremøta.

I løpet av samtalen er vi innoom fleire andre saker, som Tom Farsund nok vil «friske opp» kommune- styremøta med, m.a. ein ny,

tom barnehage som kom- munen kan overta gratis frå Ankerløkken, men som dei ikkje vil gjera. Til slutt spør vi om kva slags framtid dei to ser for Førde-samfunnet. Er dei optimistar?

LIE: - Førde kjem igjennom vanskane. Eit variert nær- ringsgrunnlag gjer at vi vil greie oss betre enn mange andre kommunar. Eg er opti- mist.

FARSUND: - Førde har ein betre sjanse enn dei reint ein- sidige industri-plassane, takka vere m.a. dei statlege verksemdene som ligg her. Men det vi er vitne til no, trur eg ikkje er ein forbigå- ande formsvikt i det økono- miske systemet, men ein langvarig nedgang. Vi går ei tid i møte som krev at vi vur- derer andre metoder, og et- ter kvart eit anna samfunn.



- Eg trur dei sentrale styresmaktene forstår alvoret i situasjonen, seier ordførar Lars Gunnar Lie.

RV-LISTA I FØRDE

- 1- 2. Industriarb. Tom Farsund
- 3- 4. Sjukepleiar Bodil Friis
- 5- 6. Industriarb. Tormod Flatebø
- 7- 8. Freelance-journalist Eli Skorpen
- 9-10. Husmor Gjertrud Storvik
- 11-12. Sjukepleiar Inger Myklebust
13. Lærar Gunnar Strømsvik
14. Bonde Anders Braanaas
15. Bibliotekarstudent Elin Ravnskog
16. Gymnasiast Unn Nestande
17. Sjukepleielærar Torgeir Svendsen
18. Psykolog Rita Østensen
19. Sjukepleiarstudent Åge Eitungjerde
20. Industriarb. Borghild Guddal
21. Industriarb. Knut Solberg
22. Bibliotekar Erling Bergan
23. Industriarb. Åse Eide Nilsen
24. Byggningsarb. Jan Myklebust
25. Sjukepleiarstudent Petrin Eide
26. Industriarb. Audbjørn Lien
27. Lagerarb. Oddgeir Osland
28. Teleingeniørerelev Eli-Grete Høyvik
29. Industriarb. Per Fimland
30. Sjukepleiarstudent Olaug Ytrefjord
31. Industriarb. Morten Søreide
32. Lærar Ove Farsund
33. Sjukepleiarstudent Anne Mørk
34. Arbeidslaus Bjørn Cirotzki
35. Industriarb. Svein Eriksen

Skal Norge bygge skip i framtida?

AV TORMOD FLATEBØ

ette er spørsmålet i må stille oss, og vare på før det er seint. Stoda for lange verft er prega v tomme ordrebøker g av permitteringer. a. 5000-6000 erftsarbeidere går edige. Ca. 4000 er ysselsatt i nybygging av skip.

drereserven er i løpet av t år halvert, og av dette er 3 prosent under bygging i dag. Dette er i korte økk situasjonen. For Sogn og Fjordane er det ca. 1200 personer som er ansatt direkte i skipsbyggingsindustri. Vi kan i løpet av høsten gne med at 60 prosent er permitterte eller står i fare for å bli oppsagte. Den alvorlige situasjonen Ankerlækken-bedriftene i Førde og Orø er i er velkjent. Disse bedriftene står for ca. 75 prosent av kapasiteten her i landet, med sine 860 ansat-


Hva kan endre på dette ystre bildet? Vilje til handling fra sentrale politikere. I dag konkurrerer ikke norske verft med verft i andre land. Vi står overfor en konkurranse der statlige subsidier og finansieringsordninger er konkurransemoment nr. 1. I denne bakgrunn er det viktig å hevde at vi konkurrerer mot stater. Det viser videre at det er et politisk spørsmål om norske bedrifter skal overleve eller gges ned. Det er også et viktig distriktpolitisk spørsmål, i og med at skipsbyggingsindustrien er sterkt decentralisert, og ofte med få eller ingen alternative systemsetningsmuligheter.

Bevisst nedbygging?

va skal til før at politikerne endler og sikrer sysselsettinga i skipsbyggingsindustrien? Fram til nå har aktiviteten stor grad gått ut på at en er sendt delegasjoner fra kommunene, bestående av representanter fra kommunestyre, bedriftsledelse og fagforbund/fagforeninger.

ette har foregått over lange tid uten at problemet er løst. Sannsynligvis er årsaken til at det ikke har kommet endring i vilkårene i skipsbyggeriene, at det politisk hold er ønskelig med en nedbygging av den industri. Måten er gjort på, er at rammene (vilrene) er så stramme at vi ikke kan sikre verftene oppag. Denne politikken ble aket ut av den daværende NA-regjeringa allerede i 1979.

Den direkte foranledning



Dei statlege subsidie- og finansieringsordningane er konkurransemoment nr. 1 innen skipsbyggingsindustrien, seier Tormod Flatebø i denne artikkelen. Han er klubbformann ved Ankerlækken i Førde, formann i Samorg. og står som tredje-kandidat på RV-lista i Førde.

var Ulveseth-utvalgets innstilling, som kom i 1978. Innstillinga var delt. Flertallet ønsket en reduksjon av kapasiteten fra 21 000 til 14 000, mindretallet til 8 000 sysselsatte i nybygging av skip. En skal merke seg at nedbygginga ble foreslått uten alternativ til de tapte arbeidsplassene. Det kan også være interessant å merke seg at, som det går fram av navnet på utvalget, det var var nåværende fylkesmann Ulveseth som var formann. Ellers var forbundsformann i Jern og Metall, Lars Skytøen, medlem av utvalget.

Virkemiddel for nedbygging var at man fjernet den direkte støtten til skipsbyggingsindustrien, som i 1979 var på 20 prosent, i 1981 på 4 prosent. Denne politikken har Høyre videreført på en helt «utmerka» måte.

Taburetter

Da støtte- og finansieringsordningene var oppe til «diskusjon» i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett i vår, var det sikkert mange som satte sin lit til at Kr.F. og Sp. ville oppfylle sine programfesta standpunkter angående sysselsetting og bosetting i distrikts-Norge. I ettertid kan vi konstatere at prinsippene ble ofret for noen taburetter ved Kongens bord. Ytterligere kommentar når det gjelder disse partiene er unødvendig.

Nei, det som må til for å sikre sysselsettinga er hardere lut. Tiltak som kan bli et politisk problem for «her-

rene» i regjeringa. Tiltak som hele lokalsamfunn kan stille seg bak og støtte. Dersom en ikke gjør noe, kan vi regne med at en hel industrigren raseres, og mange lokalsamfunn med den.

Problemet er at vi pr. i dag ikke har nok støtte fra våre lokale politikere. De har valgt den «ansvarlige» linje. Den politiske sammensettinga i kommunestyre og fylkesting må endres til arbeidsfolks fordel. Det vi trenger er uredde og kampvillige representanter som er villige til å fremme sakene på arbeidsfolks vilkår.

RV har slike kandidater. Det er bare å sørge for at de kommer til orde der det trengs, i kommunestyre og fylkesting.

RV sin fredspolitik:

Dei to supermaktene USA og Sovjet står begge for ein aggressiv utanrikspolitik, sjølv om Reagan og Andropov overgår kvarandre med fine ord om «fred» og «fridom». Sovjetunionen er på offensiven, og rivaliseringa mellom supermaktene gjer at faren for ein ny verdskrig er aukande.

RV legg vekt på internasjonal solidaritet — støtte til dei som slåst for frigjering frå imperialismen — slik vi m.a. ser folka i Afghanistan og Ni-

caragua gjer i dag. Kampen for det nasjonale sjølvstendet er òg viktigare enn nokon gong. Alle menneskerettar kviler på denne eine: Retten til å styre i eige land. Skal vi verne nasjonen, så treng vi eit sterkt, uavhengig forsvar.

Difor går RV m.a. inn for:

- Omlegging av det norske forsvaret frå eit skal-forsvar som byggjer på hjelp frå NATO til eit bevegeleg invasjonforsvar som byggjer på våre egne ressursar.

- Norge ut av NATO. Eit fyrste steg på vegen er å kome ut av NATO sitt integrerte samarbeid.
- Kvinneleg verneplikt.

Kampen mot atomvåpen er viktig, men vi må ikkje gløyme dei kjemiske og bakteriologiske terrorvåpna. Supermaktene står for størstedelen av opprustninga, og hovedkravet må rettast mot dei.

- RV krev:
- Forbod mot ABC-våpen.
- Øydeleggjing av dei sovjetiske

SS20-rakettene.

- Inga utplassering av «kryssar»- og Pershing 2-rakettar i Europa.
- Atomfri sone i Norden.

Dette krev ikkje berre nokre underskrifter frå statsministrar og presidentar. Det krev at dei atomvåpna som er retta mot Norden blir øydelagde, og at Noreg, Island og Danmark blir trekte ut av NATO sin atomstrategi.

- Styrking av den sivile beredskapen.

KVINNEKOMMENTAR

ARBEID, IKKJE DOBBELTARBEID!

Dei siste åra har fleire og fleire av kvinnene i Norge vorte yrkesaktive utanfor heimen. 2 av 3 kvinner har no løna arbeid, men med svært variert tilknytning til arbeidslivet. Ein del arbeider fulltid, andre deltid.

Etter mitt syn har det vore ei viktig utvikling. Det å ha eit fast arbeid der ein er økonomisk sjølvstendig er viktig, både for si eigen sjølvkjensle og sjølvsikkerheit si skuld, men òg fordi kvinna si stilling i samfunnet som heilheit blir styrka. Vi har kome eit steg på vegen, men enno er det slik at mange kvinner som ønskjer ein jobb å gå til, ikkje finn nokon. Deltidsarbeid er så vanleg blant kvinner fordi det ikkje finst barnehageplassar nok, prisane er for høge og fordi avlastning med det private omsorgsarbeidet har forandra seg altfor lite. Ein kvardag prega av slitsomt dobbeltarbeid er ikkje særleg lokkande. Mykje kan gjerast av den enskildte familie — kvinnene må fri seg frå sin «dårlege samvittighet», og mannfolka må ta (minst) 50 prosent av hus- og heimarbeidet.



Inger Myklebust, 31 år. Er frå Byrkjelo i Nordfjord. No busett i Førde og arbeider på sentralsjukehuset som sjukepleier ved gynekologisk avdeling. Gift og har to born på 5 og 11 år. Fagorganisert i Norsk Sjukepleierforbund, tillitsvald ved SSSF og medlem i styret for lokallaget i Førde og omegn.

re seg i andre oppgaver og interesser.

Kjønnsdelinga i arbeidslivet

Eg er sjølv sjukepleier og trivst godt i arbeidet mitt, så eg er kanskje ikkje den som burde rope så høgt om dette: Men kvifor er det enno

matvarer saman? Høyrer porno og bensin saman? Høyrer porno/vold og seksualitet saman?

I dei seinare åra har det blitt meir åpenhet omkring seksualitet, og det er bra. Det ønskjer vi meir av òg. Men det er ikkje pornoindustrien som fremmar den. Tvert imot. Vi treng erotisk litteratur som fortel oss om kor mangfoldig livet kan vere, om gleden, latteren og kjærligheten.

Pornografi er noko dei aller fleste kvinner unngår å lese, unngår å sjå. Vi vil helst ikkje vedkjenne oss det seksuelle skrekk-kabinettet som pornografien viser. Men vi kan ikkje fortsette å late att auga.

Og mannfolk: Kor lenge vil de finne dokke i å bli framstilt som voldsmenn, sadister og plagarar? Det gjeld dokke òg!

Stem på RV — eit parti du kan lite på står på kvinnene si side! Og bli med i kampen for å frigjere kvinnene der du er.

Inger Myklebust

Eg ville gå ut og forandre verden men kunne ikkje finne barnevakt

6-timars arbeidsdag

Men for at det verkeleg skal monne, må vi slåss for at det skal bli innført 6-timars arbeidsdag i Norge, utan nokon reduksjon i lønene. Det er kvinner som har reist dette kravet med full styrke, og RV er det einaste partiet som har fulgt opp. Eit stort fleirtal av kvinnene ønskjer 6-timars arbeidsdag. Ikkje for å få til å gjere meir husarbeid, meir gratis omsorgsarbeid for barn, gamle og sjuke — slik nokre vil. Men for at mange fleire kvinner då vil kunne jobbe full tid, få større mulegheit til å vere økonomisk sjølvstendig og til å finne fritid til å engasje-

slik i 1983 at jentene stadig velg hovudsakleg imellom 30 yrke, mens menn kan velgje mellom 285? Sjølv om det er mange døme på jenter som er med på å utvide grensene våre, så trengst det mange fleire. Det er viktig for kvinnefrigjeringa. Kvinner kan alt — og det vi ikkje kan, kan vi lære oss.

RV seier:

Forby pornoen — ja til seksualitet

Porno er kvinnehat. Porno reklamerer for vold og overgrep mot kvinner og barn. Den lyg om seksualitet og viser forakt både for kvinner og menn. Høyrer porno og

RV set søkelyset på økonomien i fylket og kommunane:

«FOLKET I SOGN OG FJORDANE VIL FÅ MERKE SPAREPOLITIKK SOM SVIR...»

Overskrifta er ikkje vår. Den er henta frå avisa Firda, frå intervjuet med fylkesrådmann Lundevall 14. juli i år. Bakgrunn: Krisa i fylkesøkonomien, med eit underskot på 20 mill. kr. i år. Firda skriv: «I budsjettet for 1984 blir det naudsynt med ei rekkje sparetiltak som folk flest vil merke...», og «Fylkesrådmannen vil ikkje seie noko om kvar innskjerpingane vil kome. Men det er mest å hente på helsevesen og undervisning...»

Er det naudsynt for det offentlege å spenne inn livreima i 1984? Korleis har eigentleg butikken Norge gått dei siste åra? Er det kanskje nokre som har mykje pengar midt oppi den offentlege fattigdomen? Vi ba industriarbeidar Einar Rysjedal, RV sin 1.-kandidat i Høyanger, om å kommentere desse spørsmåla.

Lundevall-byråkratiet fornektar seg ikkje. I staden for å analysere om nedskjering er nødvendig og reise krav til staten, vil dei gå laus på helsevesen og undervisning. Dette er heilt uakseptabelt, spesielt når det allereie er store manglar ved helsevesenet i fylket og det pr. i dag står rundt 500 utan skuleplass.

Inntekts-svikten

Men har eigentleg fylkespolitikarane noe val når inntektene sviktar slik dei tydeleg har gjort?

— Absolutt, hevdar Einar, og viser til at svikten først og fremst skuldast lågare skatteinngang og lågare tildeling frå skatteutjamningsfondet enn føreset. Sogn og Fjordane er blitt snytt for pengar som nødvendigvis finst andre stader i «systemet», og som derfor kan krevast tilbake, dersom fylkespolitikarane tar i bruk nødvendige middel.

— Korfor blir fylket snytt?

— Det skuldast dels at Stortinget har gått inn for Høgre sin «dynamiske skat-

tepolitikk», dvs. skattelette først og fremst til bedrifter og høgtlønna. Men hovudårsaka er at det sidan 1978 har vore brei semje i Stortinget om at fylkes- og kommuneøkonomien ska svekkast.

Rysjedal legg til at dette ikkje er dei sentrale styremaktene sin offisielle politikk. Offisielt heiter det så fint at «veksten må dempes».

— Men det lar seg ikkje bortforklare at eit praktisk resultat av «vekstdempingspolitikk» er reelle nedskjeringar, først og fremst på institusjonshelsestena.

Konkurranssevne og arbeidsplassar

— Det blir hevda at «dempet vekst» i offentlege utgifter, eller nedskjeringar om du vil, er eit vilkår for å styrke konkurransevne, for å skape trygge arbeidsplassar. Kommenter?

Einar ristar på hovudet, og blar opp i eit offentleg dokument for å tilbakevise den typen logikk. I regjeringa Nordli sitt «Tillegg til

langtidsprogrammet 1978-81» står det rett ut: «Arbeidsløsheten øker aller mest, hvis innstrammingerne rammer den kommunale virksomhet».

— Nedskjeringane på offentleg sektor fører til færre arbeidsplassar, først og fremst tradisjonelle kvinnearbeidsplassar. Då Høyanger sjukehus blei nedlagt og omgjort til sjukeheim, førte dette til halvering i talet på arbeidsplassar.

Einar legg til at det er etter at «vekstdempingspolitikk» blei proklamert i 1978 at talet på arbeidslause har auka alvorleg.

Sitat frå «Tillegg til langtidsprogrammet 1978-81»:

«Kommunene har fått større inntekter enn tidligere antatt. Som ledd i innstrammingerne må også kommunenes aktivitet dempes.»

At dette ikkje var tomme ord, kan vi lese av ein offentleg tabell (frå NOU 9:82) fire år seinare:

«Kommunesektorens inntekter regna som prosentdel av disponibel inntekt for Norge:


1976:	20,1 %
1977:	22,0 %
1978:	22,1 %
1979:	21,0 %
1980:	19,2 %
1981:	18,7 %

Willoch-regjeringa har altså berre fulgt opp den innstramminga av fellesgodene som Arbeiderparti-regjeringa med vitande la opp til tre år før.

Unødvendige nedskjeringar

— Men har staten råd til å oppretthalde alle deler av offentleg sektor?

— Staten har ikkje berre råd til å oppretthalde det vi har i dag. Staten har også økonomisk evne til å gjøre noe med dei sektorane som



Einar Rysjedal, nr. 1 på RV-lista i Høyanger. Han er den standhaftige kommunisten som starta som ensom svale ved ÅSV, og no er heile AP-laget sin hovudverk fordi arbeidarane støt han. Tre gonger valt inn i foreningsstyret og like mange gonger kasta, siste med knepent fleirtal og 200 framømte!

er for dårleg utbygt: eldreomsorga, psykisk helsevern, vidaregåande skuler osv.

Når vi spør Einar om døme på at staten har «økonomisk evne» til dette, blir han ivrig:

— For det første: *Over-skotet på statsrekneskapen* er på fleire milliardar kroner, dei to siste åra på henholdsvis 13,2 og 5,3 mrd. kr.! For det andre: Banksjef Moursund i Kreditkassen uttala i 1981 at Norge i åra 1985-95 vil kunne eksportere 600 milliardar kroner til utlandet. Det blir rundt rekna 60 mrd. kr. kvart år, dvs. vel 20 gonger så mye som staten sine utgifter til helsevern i 1983! For det tredje: Norges bank har ein valutareserve i utlandet på 50 milliardar kroner.

Utifrå dette meiner RV at nedskjeringane på offentleg sektor er totalt unødvendige og derfor heilt uakseptable. Det er vanvittig dersom Sogn og Fjordane skal skjere ned på noe som helst p.g.a. eit underskot på 20 mill. kr. i 1983, når staten i 1982 hadde eit overskot på 5300 milliardar kroner!

RV set det derfor som sin oppgåve å hindre nedskjeringar i fylket. Vi går i staden inn for å presse fylkestinget til å krevje at staten «spanderer» 0,4 prosent av sitt 1982-overskot til å dekke Sogn og Fjordane sitt

1983-underskot, seier Einar Rysjedal.

Eigentleg årsak

— Men når staten har så god økonomi, kva er da den eigentlege årsaka til nedskjeringane?

Einar hevdar at formålet med nedskjeringane er å dirigere pengar til statskassa. Men når staten samtidig delegerer fleire og fleire offentlege oppgåver til fylka og kommunane, betyr det at staten brukar pengane til heilt andre ting. Først og fremst til investeringar i oljeutvinning og subsidiering av monopolkapitalen gjennom lette i bedriftsskattlegginga.

— Grunnen er at den økonomiske jernlova i det kapitalistiske samfunnet er investering som gir maksimal profitt. Derfor blir det trekt midlar ut av offentleg sektor — t.d. helsevesenet — det gir jo «bare» friske folk. Og etter at olja «kom», er ikkje landbasert industri noe maks-profitabelt investeringsobjekt lenger. Tenk bare på innstillinga frå Buvik-utvalget, som betyr rasering av store deler av industrien i distrikts-Norge.

— Men vil ikkje satsing på oljesektoren skape arbeidsplassar? Og vil ikkje avkastninga på oljeverksemda også komme andre norske arbeidsplassar til gode?

— Poenget er jo nettopp at det motsette skjer. Staten vil halde oljeinntektene utanfor norsk økonomi. Ikkje ein gong det statseigde oljeselskapet Statoil sitt overskot går inn i statskassa. Grunnen er at jakta på maksimal profitt foregår og så her. For at borgarskapet skal oppnå same eller høgere profitt blir oljepengane re-investert eller sende ut av landet, slår Einar Rysjedal fast.

Industriforbundet

— Men har du noe bevis for påstanden om at det er jakta etter maksimal profitt på investeringar som tvingar fram nedskjeringar på offentleg sektor?

— Sjølv dei mest kritiske til påstanden må vedgå påfallande likskap mellom der politikken næringslivet foreslår på den eine sida og staten sin politikk på den andre sida. Poenget er at denne likskapen ikkje bare er påfallande, men uttrykk for at det er næringslivet som dirigerer politikken her i landet

Utdrag frå Industriforbundet sitt hefte «Fra ord til handling»:

«Industriforbundet legger i det følgende fram et sett av konkrete forslag som dels tar sikte på å rette opp finanspolitikken ved å foreta flere engangsnedskjeringer...»

«En virkelig omfattende demping av det kommunale aktivitetsnivå forutsetter derfor at ambisjonsnivået i en rekke lover som vedrører kommunenes drift blir redusert. Vi vil allikevel foreslå, for på kort sikt å redusere overpresset i vår økonomi, at kommunenes disponible inntekt blir redusert ved at overføringen til kommunene f.eks. over skattefordelingsfondet eller på annen måte blir redusert...»


Det er det siste som nå fører til den alvorlege inntekts-svikten hos fylkeskommunen og kommunane i fylket.

Vidare:

«Vi foreslår at sykelønnsordningen revideres.»

Og når det gjeld m.a. helse-, sosial- og undervisningstenester, heiter det: «En metode vil være å skape et marked for offentlige tjenester, hvor den enkelte i større grad enn nå må kjøpe slike tjenester og betale for dem i henhold til sitt forbruk.»

Kva siktemål Industriforbundet har med forslaga sine, legg dei ikkje skjul på: «Industriforbundets forslag har til formål å rette opp næringslivets konkurransevne. Det betyr at forslagene tar sikte på å øke næringslivets inntjening». Og det vil... «føre til at større ressurser blir disponible for finansiering av næringslivets investeringer.»



Einar har i årevis vore interessert i helsepolitikk og økonomi. I dette intervjuet legg han fram synspunkta sine på den pågåande nedskjeringspolitikken i fylket.

— At jakta på maksimal profitt ligg bak nedskjeringsforslaga er altså noe industriforbundet vedgår sjølv. Derfor kan eg ikkje forstå at enkelte tvilar på det, seier Einar Rysjedal. Han legg til at grunnen til at Industriforbundet sine forslag ikkje er gjennomførte til punkt og prikke ikkje er at regjeringa er ueinig, men at forslaga har møtt mye velfortent motstand.

Også DNA

— Det betyr at dei borgarlege partia og næringslivet er einige om denne politikken?

— Det er ikkje bare desse. Arbeiderpartiet er også i grove trekk einige i denne politikken. Vi kan snakke om ein slags «hellig trenighet». Langtidsprogramma og utgreiingane bak forslaget om nytt inntektssystem for kommunane inneheldt mye om at «som ledd i innstrammingen må også kommunenes aktivitet dempes». Årsaka til at nedskjeringspolitikken til DNA er mindre kjent, er at DNA har vore meir forsiktige av redsle for å misse kontrollen over fagrørsla.

Einar seier vidare at RV går mot forslaget om nytt inntektssystem for kommunane.

— For det første fordi det vil skape negative ulikskaper frå kommune til kommune, utifrå økonomiske og lokalpolitiske forhold. Gledeleg nok er det lærarorganisasjonane som har gått i spissen for å påpeike dette. For det andre vil nytt inntektssystem føre til at bygder og grupper blir sette opp mot kvarandre. Det betyr fare for at dei svakaste vil tape, noe m.a. Sosionomforbundet har åtvare mot.

RV-politikk

— Du har nå analysert i det vide og breie det RV er mot. Kan du til slutt seie noen få ord om kva RV går inn for, kva RV vil gjøre i fylkesting og kommunestyre?

— Bra du sa «noen få ord»! Etter all denne analysen var eg redd for at folk skal få inntrykk av at vi er same pratmakarane som andre parti. På den andre sida er eg også redd for ikkje å kunne vere konkret nok, og på den måten vise breidda og tyngda i RV sin politikk. Men la oss legge vekt på tre ting:

For det første: Sogn og Fjordane har ein udugeleg fylkesadministrasjon som straks må ta flosshaten sin og gå. Vi har ikkje bruk for folk som i staden for å kreve pengar frå staten, legg opp til nedskjerings i eit fylke som frå før har blitt tvangsplassert i «u-landsgruppa».

For det andre: I staden for nytt inntektssystem vil RV kreve at staten forpliktar seg til å betale øremerka prosentvise tilskot til fylka og kommunane. T.d. meiner vi at staten må dekke 75 prosent av kostnadene til helse- og sosialomsorga. Statstilskotta må i framtida aukast i takt med den utgiftsauken fylka og kommunane har.

For det tredje: Dersom Sogn og Fjordane ikkje får sin rettmessige del av «olje-millionane» frå staten, vil

RV foreslå at fylket og kommunane held tilbake økonomiske overføringar til staten, eventuelt lagar under-skotsbudsjett. Vi kan ikkje akseptere at det som er av «velferdsstat» skal bli lagt i grus.

— Men her skulle vore sagt meir, sukker Einar Rysjedal, som håper og trur på mange RV-stemmer til hausten.

RV I HØYANGER

1-2. Industriarbeidar Einar Rysjedal, Høyanger. 3-4. Industriarbeidar Oddvar Ølmheim, Høyanger. 5-6. Industriarbeidar Morten Taule, Høyanger. 7-8. Industriarbeidar Harald Kjørås, Lavik. 9-10. Student Berit Karin Løland, Høyanger. 11. Husstell-lærer Else May Engen, Kyrkjebø. 12. Industriarbeidar Ottar Utlum, Høyanger. 13. Lektor Per Vassbotn, Høyanger. 14. Dyrlege Ivar Sv. Hanem, Kyrkjebø. 15. Agronom Kristin Oppedal, Høyanger. 16. Elektrikar Per Helge Vangnes, Høyanger. 17. Industriarbeidar Vidar Grimelid, Høyanger. 18. Industriarbeidar Per Michael Frichen, Høyanger. 19. Sjukepleiarstudent Audun Rørvik, Høyanger. 20. Student Thorbjørn Olsen, Høyanger. 21. Industriarbeidar Gaute Stedje, Høyanger. 22. Industriarbeidar Johnny Borlaug, Høyanger. 23. Arbeidar Bjarte Grimelid, Høyanger. 24. Arbeidar Arne Bjørdal, Høyanger. 25. Industriarbeidar Arild Ullebø, Høyanger. 26. Industriarbeidar Per Erik Aaland, Høyanger. 27. Industriarbeidar Steinar Eide, Høyanger. 28. Industriarbeidar Bjørn Gunnar Frichen, Høyanger. 29. Industriarbeidar Vidar Halvorsen, Høyanger. 30. Industriarbeidar Kjell Heggheim, Høyanger. 31. Student Hans Petter Lange, Høyanger. 32. Industriarbeidar Per Marifjæren, Høyanger. 33. Industriarbeidar Inge Skrede, Høyanger. 34. Student Marianne Taule, Høyanger. 35. Industriarbeidar Helge Valvik, Høyanger. 36. Adjunkt Magnar Wøien, Høyanger. 37. Industriarbeidar Tore Ytredal, Høyanger.

RV I ASKVOLL



Jan Atle Stang er førstekandidaten på Askvoll-lista. Han er 22 år og har jobba tre år på anleggsarbeid. Går no på gymnas i Førde.

Lista ser slik ut: 1-2. Jan Atle Stang, Stongfjorden, skoleelev. 3-4. Jorunn Storehaug, Flokenes, skoleelev. 5-6. Morten Krohg, Askvoll, billedkunstner. 7-8. Hildegunn Landøy, Værlandet, skoleelev. 9-10. Olav Einen, Askvoll, student. 11-12. Solve Stang, Stongfjorden, student. 13-14. Johan Nordvik, Kvammen, bonde. 15-16. Harald Osland, Stongfjorden, fisker. 17-18. Elisabeth Haarr, Askvoll, billedkunstner.

Kunst-lotteri for RV

Raud Valallianse i Sogn og Fjordane treng pengar! Og for at alle som ynskjer å stø opp om valkampen til RV skal gjere det med glede, skipar dei til kunst-lotteri. Ei rekke biletkunstnarar i fylket har gitt spanande saker til tiltaket. Mellom dei er Elisabeth Steen og Øyvind Botn. Vi har vitja dei i heimen deira ved Stårheim i Nordfjord for å prata litt kunst og litt RV.

Tekst og foto: ERLING BERGAN

— Kunstnarar gjev ofte bort delar av produksjonen sin til m.a. lotteri. Er ikkje det eit tap for dykk?

— Jo, egentlig er eg imot at ei ressurs svak gruppe som kunstnarane stendig skal gje bort det dei lagar. Det må i alle høve ikkje verte noko sjølv sagt over slikt gratisarbeid. Eg vurderer kvar ein skild spurnad, seier bilethoggaren Elisabeth Steen. Ho har gjeve ein skulptur i svart betong, kalla «Milittærdiktatur». Øyvind Botn er målar og har gjeve to arbeider i olje: «Frokost i det grønne» og «Måne».

Kunstnar-krav

— Kva for krav har kunstnarane til Raud Valallianse?

— Vi har ikkje noko politisk tilknytning, men eg gjer eit klårt skilje mellom borgarleg og sosialistisk politikk. Ved å stø RV meiner eg å dytte politikken i fylket i rett lei. Dessutan har alltid RV stått bak kunstnarane si-

19-20. Frode Bukkøy, Stongfjorden, sveiser. 21-22. Arvid Nordvik, Kvammen, skoleelev. 23-24. Trond Søderholm, Stongfjorden, lærer. 25-26. Vilhelm Einen, Askvoll, song og musikkrettleiar. 27-28. Wencke Kjempenes, Værlandet, student. 29. Einar Alsaker jr., Stongfjorden, student.

For Askvoll kommune har oppretthalding av eksisterande arbeidsplassar svært mykje å sei. Clausen Mek., Helle Knivfabrikk og Norway Foods er alle usikre. I nabokommunen Fjaler er Holmedal komen på lista over «einsidige industrietader» og kan dermed ikkje rekna med noko lys framtid. Både Clausen og Helle har hovudbedriftene sine her, men har filialar i Askvoll.

Norway Foods har alt hatt ein alvorleg periode med permitteringar, og det er eit ope spørsmål kor lenge desse kvinnearbeidsplassane vil bestå. — Og som eldre folk seier: «Når ungjentene reiser, fer resten av bygda med.»

Ytre Sunnfjord-regionen har i årevis kjempa for industrietablering, og det finst eit utlagt område i Stongfjorden og to nedlagde teglverk med veg, straum, vatn og djupvatnsskai i Fjaler, som kunne takast i bruk. Men industrirasinga som er varsla gjennom Buvik-utvalet si innstilling lovar ikkje nett oppgang for Distrikts-Noreg.

ne krav, held Elisabeth fram.

— Kva krav har kunstnarane her nett no?

— Det viktigaste for alle kunstnarar i fylket er å få ein rimeleg og fast sum i stipend. Desse stipenda må kunstnarane sjølve få innstillingsrett på, og fylket må fylgje denne innstillinga, seier Øyvind Botn. Eit anna krav er å få distriktsutstillinga i trygge former. Sjølv om utstillinga står fast på fylkeskulturbudsjettet, og kommunane òg har ytt ein del til ho, må kunstnarorganisasjonane «dra» ho i gang kvart år. Ei tredje sak er kunstnarsenteret i Sogn-dal. Alle slike sentra må kome inn på statsbudsjettet. Vi treng eit bindeledd mellom brukarar og kunstnarar.

— Kven brukar kunsten dykkar?

— Eg har den siste tida



— RV har alltid stått kunstnarane sine krav, seier Øyvind Botn og Elisabeth Steen, her med to bidra RV-lotteriet i Sogn og Fjordane.

legg han inn ein tur til Gauleikvin for å vise oss siste utstillinga si. Ein de biletta er landskap, der opplevde fargane som viktigaste. Nokre av bileta er absurde, dei plasserte svært ulike ting og fenor i same bilete, som i draum. Øyvind forklarar for:

— Kunsten må konkurrere med fotoapparat eller Vårherre. Kunst er tur sett igjennom eit terrament. Eg byrja som naturalist, men har «gradane», eg rekner som surrealist no.

— Står ein slik ekspressionisme i motsetning til politisk kunst?

— Nei, skulpturen eg gje til RV-lotteriet er noko pressiv, men klårt politisk. Det gjeld å laga kunst som får folk til å stanse og stusse over det dei ser, ikkje kjøpe så-og-så meter veggdekorasjonar passande fargar. Det viktigaste er om kunsten rører ved kor hos den som ser, seier Elisabeth.

Forespurnaden frå Raud Valallianse om å gje kunstlotteriet rørte ved noko Elisabeth Steen og Øyvind Botn.

for det meste jobba med utsmykkingsoppdrag: Sjukehuset i Florø, telebygget i Eid, og etter kvart òg NRK-bygget i Førde, seier Elisabeth.

Ekspressionisme

Øyvind fortel at han er mellom dei «privilegerte» kunstnarane, med garantiinntekt. Midt i intervjuet



Gevinstar til 18 000

— Ti kroner loddet! Ni gevinstar til ein samla verdi av ca. kr. 18 000,— i Slå to fluer i ein smekk: Stå Raud Valallianse, og kanskje du vinn eit kunstverk, seier dei tre initiativtakarane til RV-lotteriet i Sogn og Fjordane: Åge Eitungjerde, 1. mann på RV-lista i fylket, med den fyrste lodd-blokkja parat, og kunstnarane Elisabeth Haarr og Morten Krohg, med dei to måleria Morten gjev til lotteriet: «Atløyning I» og «Atløyning II». Elisabeth Haarr er tekstilkunstnar, og har gjeve «Vestlandsteppe». I tillegg har Thonikken Geelmuyden gjeve eit grafisk blad, «Kunsten at overleve», Rolf Muri måleriet «Fjellhøst» og Oddvar Torsheim sju av sine småtrykk. I tillegg

altså til kunst av dei to intervjuet ta over. Lodd kan skaffast frå Knut Solberg, gum III A, 6800 Førde eller frå næraste m-l-ar...

- Ein gjerrig landbrukspolitikk

Det skjerpar seg i jordbruket som så mange stader elles for tida. I tabellar kan eg lese at berekna vederlag for arbeidet mitt som sauebonde vert 7000 kroner mindre i året vi er inne i enn i fjor. Ja, faktisk vil eg ha mindre att for same strevet enn i 1981. Det er Storting og regjering som har bestemt dette, og Budsjett-nemnda som har gjort berekningane under føresetnad av ein balansert marknad på kjøtsektoren. — Men vi veit at marknaden er i ubalanse minst like gale som i fjor, og då tapte eg ca.

8000 kroner på overproduksjonen.

Situasjonen min er ikkje spesiell. Ein gjerrig landbrukspolitikk sler negativt ut for mange brukarar, spesielt på våre kantar. Frå 1979 og til i dag har ulikska-pen auka og talet på småbønder går no sterkare at-tende enn på lenge. Det gjer seg gjeldande ei velgrunna otte i krinsar av jordbruks-befolkninga for avviking. Erfaring frå arbeid i Bondela-get seier meg at det røyner på tilliten til leiinga. Sam-stundes er skepsisen til Småbrukarlaget framleis ut-

breidd. Det er ei under-vurdering av lovene for ka-pitalistisk jordbruk å meine at ein kan fryse fast talet på bruk og årsverk slik Små-brukarlaget gjer. Men sam-stundes veks sympatien for denne organisasjonen som kritiserar Bondelaget og sta-ten som fører ein politikk der overproduksjonskrisa vert nytta som grunnlag for avgang og avviking.

Ikkje trur eg at Bondela-get kan skreme bønder som kjenner trugsmålet om avviking bort frå eit skarpare Småbrukarlag i vekst, aller minst dersom kritikken frå det haldet vert mindre hard-nakka og unyansert i høve til kva som er rimeleg rasjo-nelt jordbruk. Misforstå meg ikkje. Eg meiner det er viktig å forsvare jordbruks-politikken frå 75/76, ikkje ved å gå til åtak på tekniske og produksjonsmessige nyvinningar som avhjelper slit og strev. Nei, teknikken må vere på vår side, skal vi styrkje jamstillinga og sikre rettane til dei små.

Fordelinga mellom store og små står sentralt. Vår oppgave vert å sikre dei små, deltidsbrukarar og lønsarbeidarar i jordbruket medrekna. Dels er dette kvinnekamp, fordi mange deltidsbønder er kvinner med mannen i anna arbeid. Dels er det klassekamp fordi dei store søker leggje under



Jørgen Skåre, RVs førstekandidat i Stryn. 37 år gamal. Studieleiar i Oppstryn Bondelag. Gift — kor i deltidsjobb. 2 born. Har drive farsgården dei siste 7 åra. Utbyggingsbruk. 60 da. 115 vinterfô-sauer.

seg dei mindre, og dels vil det kunne vere ein effektiv innsats mot krise og arbeids-løyse. Det er betre å sikre folk utkome og bustad i distrikta enn å skubbe dei over i veksande hus- og job-bekør i byar og tettstader.

Overproduksjonen i jord-brukssektoren må ikkje svekke arbeidet for auka sjølvberging i tida som kjem. Matforsyninga er vik-tig, og fåren for krig og blo-kade er for påtrengjande til at dette spørsmålet kan ta-kast lettvtint.

Det skortar altså ikkje på oppgaver. Trugsmålet frå eit samfunn i krise utfordrar

oss. Det gjeld om buset-tingsmønster og utkant-kultur. Og det gjeld om soli-daritet mellom dei mange — mellom oss som bygger landet, for å seie det høgtid-leg.

Sterkare enn på lenge står utfordringa med å bygge ein allianse arbeidar-bonde. Vi må ikkje bite på den propagandaen som vil splitte og svekkje oss. For også vi i utkantane har vår rett, anten vi er bonde med vanskelege vilkår eller permittert verftsarbeidar.

Ein stad framfor oss ser vi konturane av ei anna og an-sleis ordning, eit samfunn

som produserar etter plan for folk sine behov. Vi au-gnar arbeidsplassar utan je etter profitt. Vi ser for os sjølvstendige einingar i ir dustri og jordbruk med r: sjonell drift og samarbei om maskiner, bygningar o teknologi.

Vegen dit er lang o kronglut. Vår oppgave er finne han og å gå han. Sys-temet som vil avløyse det v no har, og som vi har ansvar for å skape, heiter sosialis-me.

Jørgen Skåre



Vår oppgave vert å sikre dei små, deltidsbrukarar og lønsarbei-darar i jordbruket medrekna, seier Jørgen Skåre.

LOKALSJUKEHUSA I FARE

På tide å seie stopp!

AV BERIT HATTEBERG

Den største tragedien for helsetenesta i fylket er at vi i dag har eit fyl-kestingsfleirtal som er meir opptekne av parti-lojaliteten enn folk i Sogn og Fjordane sitt helsetilbod.

For to år sidan fekk Høyanger Sjukehus sin endelege dødsdom. Sogn og Fjordane plasserte seg dermed på botn når det gjeld talet på senger i forhold til innbygg-jarar. Resultatet ser vi i dag: Lange ventelister og pasi-entar på korridorane. Skal tru kva Lundevall eller Høs-tenes hadde sagt om dei vart plasserte bak eit skjerm Brett på ei stappfull sjukehusavdeling? Eller er eit slikt «tilbod» berre be-rekna på gamle og skrøpele-ge folk som kanskje i tillegg har reist heile fylket på tvers for å få si behandling?

I dag er det vidare slik at dei kommunale aldershei-

mane er oppfylte av reine pleiepasientar. Men alders-heimane er berekna for eldre som stort sett greier seg sjølv. Difor har dei også mindre personell. Fylket tel no på fingrane om dei i det heile skal byggja vidare ut sjukeheimstilbodet til pleie-pasientane, noko som er fyl-ket sitt ansvar. Men Lundevall antyder kva vi kan vente oss: Det kan bli spørsmål om den nye sjukeheimen i Flora i det heile blir opnal

Denne kursen må føra til at det blir «kork» i heile sys-temet og temmeleg uhold-bare tilstandar for dei som skal jobba i pleiesektoren. Det er lange ventelister til sjukehusa, men kapasiteten er sprengd m.a. fordi mange eldre ikkje kan utskrivast. På sjukeheimane er det ikkje plass til dei. Aldersheimstil-bodet blir ikkje noko tilbod for dei det er berekna for fordi pleiepasientane ikkje kan plasserast andre stader. Personellsituasjonen sam-svarer ikkje i det heile med den arbeidsbelastninga det-te fører med seg. I tillegg

finst det døme på at ferie blir avvikla utan vikarar og at praktikantar blir tilsette utan løn!

Veit fylkespolitikarane ei-gentleg kva nedskjerings-iveren deira fører til? Dei burde få prøva seg berre ein einaste dag på ei pleieav-delning, så fekk vi snakkast.

Helse- og sosialpolitikken i Sogn og Fjordane har ført til nedlegging av eitt lokal-sjukehus. Før året er omme kan vi venta oss forslag om nedlegging av heile eller del-er av fleire.

Folk i fylket har i lang tid måttet kjempe for å beholde lokalsjukehusa. Utan denne kampen hadde vi kanskje ikkje hatt verken Florø eller Nordfjordeid Sjukehus i dag. Vi vil støtte og gå i spissen for kampen for å oppretthol-de lokalsjukehusa. Med ein så spreidd busetnad som vi har, er det spesielt viktig å halda fødeavdelingane i funksjon.

Vi går mot heile grunnla-get for den sparepolitikken som i dag går føre seg i hel-sesektoren. Medan ned-



Berit Hatteberg, er 33 år, gift og har tre gutår. Til dagleg jobbar ho som laboratorieassistent ved legesenteret i Flora. Berit er leiar for Flora kommunale forening med 400 medlemmer, ho er arbeids-takarane sin representant i administrasjonsutvalet i Flora kommu-ne og sit som styremedlem i Norsk Kommuneforbund i Sogn og Fjordane. På biletet frå RV sin konferanse om kommunaløkonomi. Andre mann på Flora-lista — Øystein Roth — til venstre.

skjeringane frå sentralt hald blir markedsførte med at pri-mærhelsetenesta skal styr-kast, opplever vi samtidig kraftige nedskjeringar også på dei kommunale budsjet-ta. Korleis kan ein slik poli-tikk føra til utbygging av pri-mærhelsetenesta?

Viss denne kursen held fram, endar vi opp med amerikanske tilstandar: Mi-

nimale offentlege helse-tilbod og privat behandling og pleie i tråd med penge-boka si yteevne.

Det er på tide å vakne! Det er på tide å seie stopp!

RV I STRYMN

- 1- 2. Jørgen Skåre, bonde
- 3- 4. Bjørg Ladehaug, læra
- 5- 6. Olaug Bergset, stude
- 7- 8. Oskar Tenden, bonde
- 9-10. Margaret Skåre, bonc
- 11-12. Øyvind Braaten, lækj.
- 13-14. Brita Ladehaug, skule elev.
- 15-16. Jarle Skåre, bonde
- 17-18. Jorunn Sølvsberg, skuleelev
- 19-20. Aamund Berge, bond

RV I FLORØ

- 1- 2. Berit Hatteberg, Florø
- 3- 4. Øystein Fr. Roth, Flor
- 5- 6. Brynhild Løken, Eike-fjord
- 7- 8. Fridtjof Urdal, Florø
- 9-10. Siv Kvernevik, Florø
- 11-12. Bjarte Underlid, Florø
- 13-14. Ruth-Leni Førde, Florø
- 15-16. Karsten Fester Sunde Tansøy
- 17-18. Anita Hansen, Florø
- 19-20. Ralf Johannessen, Florø
- 21-22. Inger Tveranger, Florø
- 23-24. Eli Reksten, Brandsøy